

ÅRSRAPPORT

Fjordane Friluftsråd

for 2025



Strynevatnet, Stryn kommune. Foto; Bjarte Engevik

Innleiing

Fjordane Friluftsråd består av kommunane; Solund, Hyllestad, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn.

Styret

Styret var i 2025 samansett slik :

Leiar:	Arlene O.Vågene
Nestleiar;	Nils Chr. Bjørgo

Styremedlemer: Mona Birkeland
Nikolai Valvik til 13.03.25
Eskil Smelvær frå 13.03.25
Julie Ovedie Gabrielsen til 31.05.25
Arnt Henning Blom frå 31.05.25
Janikke Brenden Frøyen
Hans Christian Hansen
Kari Synnøve Muri

Varamedlemer: Tone Olsen Thesen
Sara Tunestveit
Morten Askvik
Arnt Henning Blom til 31.05.25
Charlotte Skjølberg
Marie Kristine Kroken
Andreas Sundena
Frode Andre Devig

Styremøter

Det har vore avhelde 4 styremøter og blitt handsama 27 saker.

Medlemmer

Fjordane Friluftsråd har 7 kommunar med ca 42700 innbyggjarar.

Representantskapsmøte

Representantskapsmøte helde den 11.06.

Aktivitet

- **STRANDRYDDING**
- **Rydd Sogn og Fjordane**
- **Rydd i Tide**

Ryddestatistikk

Totalt vart det samla inn 68 tonn avfall gjennom Rydd Sogn og Fjordane og Rydd i Tide. Av dette stod Rydd Sogn og Fjordane for 52 tonn, medan Rydd i Tide samla inn 16 tonn. Gjennom året er omtrent 1 150 kilometer kystlinje rydda, fordelt på rundt 780 kilometer gjennom Rydd Sogn og Fjordane og 370 kilometer gjennom Rydd i Tide. Omlag 3 000 frivillige har delteke i arbeidet og lagt ned rundt 9 000 dugnadstimar.

Mellom høgdepunkta frå året kan det nemnast at 1 100 skuleelever frå Kinn kommune deltok i skulerydding i mai, samt den store vårryddedagen i mars i samarbeid med Hold Norge Rent. Vidare vart det rydda 7,5 tonn avfall i Strynelva og Oppstryrvatnet. Det vart også gjennomført fleire lengre ryddeaksjonar på tre til fem dagar i samarbeid med Nordfjord folkehøgskule, Fjordane folkehøgskule og Sogndal folkehøgskule. I tillegg vart det arrangert lokale ryddeaksjonar saman med Askvoll, Værlandet, Flatraket og Solund skule.



Foto; Bjarte Engevik, Besøk frå HMF og rydding av Strynevassdraget

- **Administrasjon og tilsette**

Vi har i 2025 hatt 9 tilsette på 8 årsverk fordelt slik;

- 1 stilling som dagleg leiar,
- 1 stilling som nestleiar og leiar for Skjergardstenesta,
- 1 stilling som økonomimedarbeider
- 1 prosjektkoordinatorstilling Rydd Sogn og Fjordane
- 1/2 stilling som assisterande prosjektleiar Rydd Sogn og Fjordane
- 1/2 stilling som prosjektleiar Rydd i Tide
- 2 x 1/2 stilling som strandrydder Rydd i Tide
- 1 stilling som friluftsrådgjevar
- 1 stilling som prosjektleiar for StikkUt

HMS

Ingen personskade i 2025 og ca 6,25 % legemeldt sjukefråvær. Det er gjennomført ein HMS samling med bedriftshelse sjekk/kartlegging og sjøredning som tema i Florø. Vi er tilknytta Grønn Jobb Bedriftshelseteneste.

- **Friluftsrådgjevar**

Det har vore god deltaking på tilsaman 13 friluftsskular i kommunane Bremanger, Kinn, Solund, Stad, Stryn og Hyllestad. Totalt var det 157 born og unge som deltok på Friluftsskulane sommaren 2025, ein auke på 2 skular frå forrige år.

Det har vore halde 17 opne turar og arrangement med tilsaman 437 deltakarar.

Totalt er det kartlagt 275 km med ro og padleruter, med 16,7 km i 2025.



Foto; Ålfotfjellet, Langesjøvatn

- **Stikk UT! Elektronisk turtrim og turreregistrering.**
- **Stikk UT! 2025**

Etter å ha starta opp med 3 medlemskommunar sommaren 2024, var Stikk UT! utvida til 3 nye kommunar i 2025. Først ut var Askvoll kommune frå desember 2024, deretter fylgde Solund og Hyllestad som vart med til sommarsesongen.

Totalt hadde vi 36 turmål i vintersesongen, og 80 turmål i sommarsesongen. Utviklinga for deltaking syner ei positiv utvikling, der vi auka frå 1613 deltakarar i 2024 til 2329 i 2025. Statistikken syner og at kvar deltakar registrerer fleire turar, slik at vi gjekk frå 5827 turar i 2025 til 20800 for heile 2025.

Bremanger starta opp 01.desember som den siste av dei 7 medlemskommunane i Friluftsrådet.

•

Tal deltakarar 2025: **2329** (5,8% av det totale innbyggjartalet i kommunane)

Tal registrerte turar 2025: **20800**

Tal turmål nytta i 2025: **100**

Sommarturar; **50**


Skiturar; **9 km**

Avtale om parkering; **16**

Turkart: **2 stk** – Solund hengt opp, Hyllestad distribuert digitalt gjennom kommune.


Tala under er samla alle turar der friluftsråd, kommune eller frivillige har gjort avtalar. For ein del av turane har vi avklart med grunneigar at vi kan nytte avtalar som allereie er inngått med kommune eller turlag.

Aktive brukere per kommune - Fjordane Friluftsråd



Tabell; Jan Erik Hansen, Fjordane Friluftsråd.

Aldersfordeling registreringer - Fjordane Friluftsråd



Tabell; Jan Erik Hansen, Fjordane Friluftsråd.



Foto; Bjarte Engevik. Populært Stikk Ut mål på Ramnenipa, Hardbakke i Solund med Pollatinden også Stikk Ut mål i bakgrunnen..

- **Arbeidsbåtar**


Innkjøp av Polarcirkel 780 (25 fot) med vassjet til utleige Rydd i Tide prosjektet.

Det vart også kjøpt inn River 350 og henger til denne som er blitt brukt til Styn prosjektet

I tillegg er det også kjøpt inn ein firmabil som er stasjonert i Solund.

- **Skjergardstenesta**

- Skjergardstenesta har i 2025 vore ute på 105 oppdrag, henta inn 26 000 kg avfall, jobba med 5 statlig eigde eigedomar i 3 av våre medlemskommunar og ytt våre medlemskommunar kompetanse ang. søknader, båtvrak handtering, tilrettelegging av områder.
- På Prestholmen friluftsområde har vi fått satt opp ein rullestol port og på Refvika, ca 300 meter med treklopper
- Skjergårdstjenesten bidreg også med kompetanse inn i ressursgruppa til Pilgrimsenteret i Selje og pilgrimsleden langs kysten, samt Miljødirektoratets båtutval i Skjergardstenesta.



Foto; Bjarte Engevik, Bilde til venstre; Sandvollen v/Brennsdalen i Hyllestad og Pollen, Solund.

- **Opplæring/studieturar-samlingar,**

Leiarsamling Gardermoen den 12-13.02

Tilsettesamling på Bryne den 22-25.09

Vestkystparken si driftssamling i Bergen, den 18-19.11 Lasse og Bjarte

Møte Skjergardstenesta

Møte Kystpilgrimsleden, Selje, Lasse

Rydd i Tide samling

Båttutvalet til Skjergardstenesta, Lasse, totalt 15 samlingar

- **Økonomi ;**

Inntekter/omsetning var på kr. 17.396.159,- . Utgifter var på kr.16.216.546,-

Dette gjev eit årsresultat på kr.1 179.613 i pluss (ink.investeringar båt og bil kr. 710 000.-)

Årsresultatet har ein netto avsetning på kr.1.179.613,- etter bruk av fond på kr.343.065,-.

Resultat alle tenester FF 2025	Utgifter	Inntekter	Til avsetning	Bruk av Fond
<i>Fjordane Friluftsråd 36005</i>	2 933 143	-3 174 561	-241 418	-
<i>Friluftsliv og folkehelse 36007</i>	1 899 487	-1 818 957	-14 470	95 000
<i>*Rydd Sogn og Fjordane 36010</i>	3 431 268	-3 752 201	-320 932	
<i>Skjergardstenesta 36011</i>	3 887 181	-4 776 753	-889 572	
<i>Rydd Norge Vestland 36015</i>	2 886 796	-2 943 081	-56 285	
<i>Stikk UT 36016</i>	1 178 671	-930 606	-	248 065
Summen	16 216 546	- 17 396 159	-1 522 677	343 065

SAMANDRAG DRIFT

36005 Interkommunalt friluftsråd

Utgifter	2 933 143	3 504 680	571 536	3 504 680	3 294 424
Avsetnad årsresultat til fond	241 418	0	-3 118 683	0	320 877
Avsetnad fond overført fra Solund Kom.	2 877 625	0	0	0	0
Inntekter	-3 174 561	-3 504 680	2 402 368	-3 504 680	-3 435 001
Fondmidlar overført frs Solund Kom.	-2 877 265	0	0	0	0
Bruk av fond		0	144 779	0	-30 300
<i>Sum teneste: 36005 Interkommunalt</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>150 000</i>

36007 Friluftsliv og folkehelse

Utgifter	1 885 015	3 405 780	1 520 765	3 405 780	2 386 653
Avsetnad årsresultat til fond	14 472	0	-407 846	0	218 904
Avsetnad fond overført frå Solund kom.	393 374	0	0	0	0
Inntekter	-1 804 487	-3 310 780	-1 112 919	-3 405 780	-2 605 556
Fondsmidlar overført frå Solund kom.	-393 374				
Bruk av fond	-95 000	-95 000	0	0	0
<i>Sum teneste: 36007 Friluftsliv og flkhls</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

36010 Strandrydding

Utgifter	3 431 268	2 950 000	-481 268	2 950 000	3 854 936
Avsetnad årsresultat til fond	320 932	0	-769 696	0	295 143
Avsetnad fond overført frå Solund kom.	448 764	0	0	0	0
Inntekter	-3 752 201	-2 950 000	1 250 959	-2 950 000	-4 150 079
Fondsmidlar overført frå Solund kom.	-448 764				
Bruk av fond	0	0	0	0	0
<i>Sum teneste: 36010 Strandrydding</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

36011 Skjergardsteneste

Utgifter	3 887 181	3 243 170	-3 699 333	3 136 170	3 793 773
Avsetnad årsresultat til fond	889 573	0	0	107 000	390 756
Avsetnad fond overført frå Solund kom.	2 165 749	0	0	0	0
Inntekter	-4 776 753	-3 243 170	3 699 276	-3 243 170	-4 051 935
Fondsmidlar overført frå Solund kom.	-2 165 749				
Bruk av fond	0	0	57	0	-132 593
<i>Sum teneste: 36011 Skjergardsteneste</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

36015 Rydd Vestland

Utgifter	2 886 796	2 684 500	-202 296	2 684 500	2 323 124
Avsetnad årsresultat til fond	56 284	0	-98 409	0	8 682
Avsetnad fond overført frå Solund kom.	42 125	0	0	0	0

Inntekter	-2 943 080	-2 684 500	300 704	-2 684 500	-2 331 806
Fondsmidler overført frå Solund kom.	-42 125				
Bruk av fond	0	0	0	0	0
<i>Sum teneste: 36015 Rydd Vestland</i>	<i>-0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
36016 Stikk ut					
Utgifter	1 178 670	1 360 000	181 330	1 360 000	1 053 285
Avsetnad årsresultat til fond	0	0	0	0	0
Avsetnad fond overført frå Solund kom.	0	0	0	0	0
Inntekter	-930 606	-1 360 000	-429 394	-1 360 000	-584 767
Fondsmidler overført frå Solund kom.	0				
Bruk av fond	-248 064	0	248 064	0	-468 519
<i>Sum teneste: 36016 Stikk Ut</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Sum Fjordane Friluftsråd	0	0	0	0	150 000

BALANSE

Konto: Bundne driftsfond		31/12 2025	31/12 2024	Endring	Kommentar
8500	FFR - Akkumulert årsresultat	2 688 281	2 789 928	-101 647	Overskot teneste 36005 og underskot teneste 36016
8501	FFR - Reguleringsfond Strandrydding	769 696	448 764	320 932	Overskot 2025
8502	FFR - Reguleringsfond Skjergardstene	3 055 322	2 165 749	889 573	Overskot 2025
8503	FFR - Reguleringsfond Rydd i Tide	98 409	42 125	56 284	Overskot 2025
8505	FFR - Reguleringsfond Friluftsliv og flkhl	407 846	393 374	14 472	Overskot 2025
8511	FFR - Friluftsskular	230	230	0	Overskot 2025
8516	FFR - Gåve Fjorden Friluftsråd	87 107	87 107	0	Overskot 2025
Sum konto: Bundne driftsfond		7 106 891	5 927 278	1 179 613	